



KOPI

Sven Ove Mellingen
Slettevegen 772 B
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9915 - 21/81378

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2021

Melleombels svar på rørleggermelding - gbnr 498/3 Mellingen

Tiltak: Tilknytning offentlig avløp
Byggjestad: Slettevegen 793 – Gbnr 498/3
Tiltakshavar: Sven Ove Mellingen
Ansvarleg søkjar: Vest Rørservice AS v/Tor Erik Skråmestø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. VA-kart som kommunalt leidningsnett og tilknytning av privat leidningsstikk i kommunal kum.
2. Tinglyst rett til å gå over annan manns grunn. Kommunal kum er etablert på Gbnr 498/16. Eigar av Gbnr 498/3 må innhente rett til å legge privat stikkledning over Gbnr 498/16. Kommunen skal ha kopi av tinglyst rett før vi kan handsame søknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.12.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.